



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Heradsstyresalen, Heradshuset på Dale  
**Dato:** 11.04.2018  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17.15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Björg Aase N. Hop	Medlem	AP
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV
Terje Davidsen	Medlem	AP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Bente Sundheim	Nestleiar	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Roald Brekke	Bente Sundheim	SP

**Merknader**

---

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Eirik Haga	Ordførar
Åse Elin Myking	Fung. rådmann
Trine Grøbech	Rådmann
Unni-Renate Moe	Partner i Deloitte, kurs i starten av møtet
Kjersti Gjuvland	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune

Boris Groth  
utvalsleiar

Roald Breistein  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 13/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 14/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 15/18	Rådmannen orienterer om tilpassing til ny personvernlov frå 2018 for Vaksdal kommune		2018/17
PS 16/18	Rådmannen orienterer om saksmengda i levekårsutvalet		2017/47
PS 17/18	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming - Status i arbeidet ved Deloitte		2017/105
PS 18/18	Kontrollrapport 2017frå Skatteetaten vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Vaksdal kommune		2018/15
PS 19/18	Gjennomgang av møteprotokoller		2017/47
PS 20/18	Høringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2017/40
PS 21/18	Referatsaker		
RS 2/18	Sak FSK 26.02.18 - UTVIKLING AV STAMNES SENTRUM - DRØFTINGSSAK		2017/97
RS 3/18	Pressemelding - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 4/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mars 2018		2017/40
PS 22/18	Eventuelt		

### PS 13/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018

##### Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

##### Vedtak:

Sakliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

### PS 14/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018

##### Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

##### Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.02.2018 vart samrøystes vedteke.

### PS 15/18 Rådmannen orienterer om tilpassing til ny personvernlov frå 2018 for Vaksdal kommune

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 05.09.2018.

2. Den skriftlige orienteringa bes sendt sekretariatet innan 22.08.2018.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Fung. rådmann Åse Elin Myking orienterte om status i arbeidet når det gjeld Vaksdal kommune si tilpassing til ny personvernlov og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 05.09.2018.
2. Den skriftlige orienteringa bes sendt sekretariatet innan 22.08.2018.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

### **PS 16/18 Rådmannen orienterer om saksmengda i levekårsutvalet**

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Fung. rådmann, Åse Elin Myking, og rådmann, Trine Grønbech orienterte om sitt syn når det gjeld saksmengda i levekårsutvalet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Ordførar, Eirik Haga, kom med supplerande informasjon.

Etter dette vart slik vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **PS 17/18 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming - Status i arbeidet ved Deloitte**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvslund, orientert om status i høve forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## **PS 18/18 Kontrollrapport 2017 frå Skatteetaten vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Vaksdal kommune**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Vaksdal kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit riktig uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.
2. Utvalet har vidare merka seg at Skatteetaten har gjeve fleire pålegg etter dei stadlege besøka og at skatteoppkrevjar har meldt tilbake at dei vil rette seg etter pålegga.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Vaksdal kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Vaksdal kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit riktig uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.
2. Utvalet har vidare merka seg at Skatteetaten har gjeve fleire pålegg etter dei stadlege besøka og at skatteoppkrevjar har meldt tilbake at dei vil rette seg etter pålegga.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Vaksdal kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

## **PS 19/18 Gjennomgang av møteprotokoller**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Kommunestyret 26.02. og 12.03.2018
- Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018
- Levekårsutvalet 04.12.2017 og 05.02.2018

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

## **PS 20/18 Høringsutkast - Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Vaksdal kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har slike forslag til endringar i vegleiar: .....
2. Kontrollutvalet i Vaksdal kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan

kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet vart samde om å gå for punkt 2 i forslag til vedtak.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

### **PS 21/18 Referatsaker**

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

#### **Vedtak:**

Referatsakene vart tekne til orientering.

### **PS 22/18 Eventuelt**

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 11.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Før det formelle kontrollutvalsmøtet starta gjennomførte partner i Deloitte, Unni-Renate Moe, eit to timars kurs i innføring i kommunerekneskap for kontrollutvalet og administrasjonen.

Neste møte i kontrollutvalet skal etter planen haldast 15.05.2018. Sekretariatet opplyste at kommunestyresalen er oppteken fram til kl. 16.00 den dagen. Utvalet meinte at møterom i «Turbinen og Folkebadet» kan vera eit aktuelt alternativ. Det kan t.d. kombinerast med ei orientering og omvising frå kl. 15.00. Dersom det ikkje let seg gjera får leiar i kontrollutvalet fullmakt til å vurdere om møtet i staden skal starte kl. 16.30 i kommunestyresalen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Sidan kommunestyresalen er oppteken fram til kl. 16.00 den 15.05.2018 ber kontrollutvalet sekretariatet undersøke om møtet kan haldast i møterom i «Turbinen og Folkebadet». Det er ønskeleg at dette kan kombinerast med ei orientering og omvising frå kl. 15.00.
2. Dersom det ikkje let seg gjera får leiar i kontrollutvalet fullmakt til å vurdere om møtet i staden skal starte kl. 16.30 i kommunestyresalen.